


FJORDINGEN

 Ansvarleg redaktør
Bengt Flaten

Riv Grodåsheimen

Kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune vil ikkje tilrå riving av Grodåsheimen. Det går fram av eit brev til Hornindal kommune. Kommunen har bede om merknader til førebels saksutgreiing som omhandlar riving av Grodåsheimen for å gje plass til helse og næringsbygg der det er og er planlagt leilegheiter. Frå før har Statens vegvesen godkjend dispensasjon for riving av Grodåsheimen, og i ein uttale frå miljøvern-avdelinga hos Fylkesmannen vert det ikkje sagt noko som tilseier at riving vil bli nekta.

Når kulturavdelinga i fylkeskommunen går i mot riving, er det god grunn til å stille fleire spørsmål både ved motiv og grunn-gjeving. Det er og god grunn til å stille spørsmål om kulturavdelinga veit kva tilstand bygget er i, og kva som er gjort av

tidlegare utgreingar og forsøk på å ta vare på bygget. I saksutgreiinga hevdar fylkeskommunen blant anna at «slik

” **Om Grodåsheimen vil få stå, vil det dokumentere forfallet, ikkje utviklinga av tettstaden**

Grodåsheimen står i dag, er den med på å dokumentere ein del av den historiske utvikling i området rundt Grodås sentrum og byggjetradisjonen på staden. Bygningen har i dag ein del skadar, og etter det vi forstår har skadane auka på i tida etter at reguleringsplanen vart stadfestet».

Viðare heiter det at «Grodåsheimen ligg i dag fint plassert i eit område med nyare bygg på fleire kantar... Sogn og Fjordane fylkeskommune si kulturminnefagleg vurdering, er at Grodåsheimen har ein høg kulturhistorisk verdi og den har ei visuell og historisk tilknytning til bygningsmiljøet i sentrum. Ved utvikling av området vil det etter vårt syn vere ein stor fordel om den opphavlege bygningsmassen framleis kan stå, som eit miljøskapande element og som ein dokumentasjon på utviklinga av tettstaden».

Vi er temmeleg sikre på at fylkeskommunen er på kraftig kollisjonskurs med dei aller fleste innbyggjarane i Hornindal, ikkje minst dei som bur eller driv næring i sentrum. Om Grodåsheimen vil få stå, vil det dokumentere forfallet, ikkje utviklinga av tettstaden. Grodåsheimen har for lengst passert grensa for å vere eit miljøskapande element. Tvert i mot vert bygget dagleg omtalt som eit ruskebygg som må fjernast før det ramlar ned av seg sjølv.

Heile ideen med å rive Grodåsheimen er å fjerne eit falleferdig og skjemmande bygg for å gje plass til noko nytt og funksjonelt. Det er bortimot imponerende at fylkeskommunen klarer å konkludere med at Grodåsheimen har ein høg kulturhistorisk verdi når forfallet går lenger år for år. Dette er ei tilråding så på tvers av folkemeininga at ho forsterkar oppfatninga av eit byråkrati som set kjeppar i hjula for dei som ønskjer utvikling. Hadde Grodåsheimen vore godt vedlikehalden og i ein slik stand at bygget kunne bli brukt til noko fornuftig, skulle vi stått opp for vern. Men situasjonen er at bygget er skjemmande og farleg.

Når planutvalet i kommunen skal handsame saka, bør politikarane seie eit sterkt og samrøystes ja til riving. Kulturavdelinga i fylkeskommunen kan ikkje få øydeleggje sentrumsutviklinga på Grodås gjennom eit misforstått forsøk på å verne noko alle for lengst har gitt opp å ta vare på.

Innvikprofessor på TV



Erling Hammer arbeider ved Institutt for fysikk og teknologi ved Universitetet i Bergen. Her underviser han masterstudentane Åsmund Gjermundsrød og Rolf Hjelmealand (Foto: UIB)

Professor og gründer Erling Hammer frå Innvik er med i TV-programmet Den praktiske professor på NRK2 i morgon ettermiddag.

Sigrid Heggstad
sigrid.heggstad@fjordingen.no

Programmet handlar om professor emeritus Erling Hammer (78) ved Institutt for fysikk og teknologi ved Universitetet i Bergen.

I programmet kjem det fram at Hammer har vore innovativ

heilt sidan han var liten gut. Han vaks opp på Hellebruket på Heggdal i Innvik.

– Eg vaks opp på ein middels stor vestlandsgard, og fekk tidleg starte å arbeide. I dei tider måtte bonden vere sjølvhjulp. Han måtte vere elektrikar, mekanikar og anleggsarbeidar, og alt dette fekk eg vere med på då eg vaks opp, fortel Hammer i programmet. Det som vekte den store interessa for fysikk og teknologi, var då han fann fysikkbøkene til bestefaren frå lærarskolen.

Elektrikaren frå Innvik gjekk teknisk skule, NTH og tok doktorgraden ved Universitetet i

Manchester. Han enda etter kvart opp som professor ved Universitetet i Bergen. Den spreke 78-åringen arbeider framleis ved universitetet, sjølv om det ikkje lenger er på fullttid.

– Ein dag på universitetet gjev meg eit løft. Det er ei glede å møte opp og snakke med kollegaer, drive forskning og litt undervisning, seier han til NRK. Forskninga hans har ført til både konkrete produkt og mange arbeidsplasser i regionen. Han har blant anna utvikla ulike måleinstrument til alt frå oljeindustrien til helsevesenet. Hammer driv framleis med å utvikle nye produkt til næringslivet.

Lesarinnlegg

Kvar dag skal ikkje vere som ein tur med Lars Monsen

Ei sak som er viktig for meg, og for AUF i Sogn og Fjordane er dette som går på å tilrettelegge samfunnet for menneske med funksjonshemmingar.

Eg var nok ikkje aleine om å bli rørt av programmet "Ingen grenser" som blei sendt på NRK. Der møtte ein menneske med ulike funksjonshemmingar som reiste på ein strabasjos tur saman med Lars Monsen. Dei utfordra seg sjølv både fysisk og mental. Sjølv sagt er det imponerende å sjå dei reise på ein så utfordrande tur, og å sjå den stå-på viljen, motet og den psykiske styrken desse menneska har. Men kvar dag skal ikkje vere som ein tur med Lars Monsen!

For nokon er ein tur på butik-

ken, ein tur på biblioteket eller ein tur på kjøpesenteret nettopp det. Ein tur dei må psyke seg opp til i lang tid - på lik linje med turen i lag med Lars Monsen. I verste fall unngår mange å ta turen, nettopp fordi det er ei såpass stor utfordring. Dette kan føre til fleire aktuelle problemstillingar som isolasjon, låg sjølvtilitt og manglande mestringsfølelse.

Sjølv om universell utforming er lovfesta, er det framleis for dårleg. I alle kommunar er det enten noke lite eller noke stort som kan forbetrast. Det kan vere fortauskantane som er for høge, båten der rullestolbrukarar ikkje kan komme seg om bord, eller butikken der varene er plassert på uoversiktleg vis.

Vi har ein politikk som går på at alle skal med. Vi kan ikkje ekskludere dei som treng litt tilrettelegging i form av universell utforming på grunn av trang kommuneøkonomi. For ein kan ikkje måle livskvaliteten til menneske i kroner og ører.

Der er derfor AUF i Sogn og Fjordane meiner at kvar dag ikkje skal vere som ein tur med Lars Monsen.

Dette er ei sak som einstemmig vart vedteken på årsmøtet til AUF i Sogn og Fjordane. Vi ønskjer å vere ein organisasjon som tek dei svake sitt parti, og vi er glad for at Sogn og Fjordane Ap ønskjer det samme.

Maria Hovland Faye, AUF

FJORDINGEN

Postboks 248, 6781 STRYK

Sentralbord tlf. 57 87 45 00

Telefax: 57 87 45 20

Kontortid: 8.30 - 15.30 måndag - fredag

Vakttelefon redaksjon 40 40 21 40
E-post: redaksjon@fjordingen.no

 Levering av dødsannonser søndag kl. 16.00 - 17.00:
Tlf. 57 87 45 11

Ansvarleg redaktør/ dagleg leiar Bengt Flaten

Tlf. 57 87 45 01/ mob. 90 20 12 30

Privat tlf. 57 87 95 66

E-post: bengt.flaten@fjordingen.no

Marknadsjef Ove André Aarskog

Tlf. 57 87 45 02. Mob. 91 86 20 02

Privat tlf. 57 87 21 70

E-post: ove.andre.aarskog@fjordingen.no

Marknadskonsulent Elisabet S. Lunde

Tlf. 57 87 45 09.

Adm. sekretær Mariann Nedre-Flo

Tlf. 57 87 45 00

Journalist Inge Fænn

Direkte tlf. 57 87 45 08

Priv. tlf. 57 87 79 67

Mob. tlf. 95 93 31 14

inge.fenn@fjordingen.no

Journalist Sigrid Heggstad

Direkte tlf. 57 87 45 06

Mob. tlf. 95 93 71 50

sigrid.heggstad@fjordingen.no

Redaksjonssjef Hans Holmøyvik

Direkte tlf. 57 87 45 07

Priv. tlf. 57 86 35 19

Mob. tlf. 41 62 51 25

hans.holmoeyvik@fjordingen.no

Journalist Harald Vartdal

Direkte tlf. 57 87 45 05

Privat tlf. 57 87 96 43

Mob. tlf. 47 41 43 59

harald.vartdal@fjordingen.no

Journalist Ove Sveen

Direkte tlf. 57 87 45 10

Privat tlf. 57 87 16 03

Mob. tlf. 90 87 63 22

ove.sveen@fjordingen.no

Typograf Olaug Tunold Aarøen

Tlf. 57 87 45 11

Typograf Unni Skåre

Tlf. 57 87 45 12

Annonseprisar:

Annonseide: Pr. modul kr. 494,-

Stilling ledig: Pr. modul kr. 544,-

Tekstside: Pr. modul kr. 732,-

Side 1 (kun farge): Pr. modul kr. 2074,-

Siste side: Pr. modul kr. 1024,-

Fargetillegg 4-farge: Pr. modul kr. 342,-

20% rabatt på 2. innrykk.

Linjerubrikk: Kr. 148,- inntil 5 linjer, + kr. 24,-

for kvar linje utover dette. 25% rabatt på

2. innrykk. Alle annonseprisar eks. mva.

Abonnement 1/1 - 12 til 31/12 - 12:

Laussal kr. 20,- 1/1 år kr. 1410,-

1/2 år kr. 760,- 1/4 år kr. 470,-

PDF-abonnement: Pris som papirutgåva.